

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon
Møtestad:	Fjernmøte,
Dato:	16.04.2020
Tid:	10:00 - 13:30

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Torbjørn Vereide	Medlem	A
Mark Taylor	Medlem	MDG
Noralv Distad	Medlem	H
Helge Stormoen	Medlem	FRP
Jana Midelfart Hoff	Medlem	H
Morten Klementsens	Medlem	FNB
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Sigrid Brattabø Handegard	Nestleiar	SP
Gunhild Alis Berge Stang	Medlem	V
Karl Vågstøl	Medlem	H
Marianne Sæhle	Medlem	SV
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Tor André Ljosland	Leiar	KRF

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bård Sandal	fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling
Mette Nora Sætre	seksjonsleiar for verdiskaping i byar og regionar
Kathrin Jakobsen	seksjonsleiar for forskning, kompetanse og internasjonalisering
Sølve Sondbø	seksjonsleiar for grøn vekst, klima og energi
Endre Høgalmen	seksjonsleiar for naturressursar, landbruk og reiseliv
Katarzyna J. Holmegård	rådgjevar/møtesekretær Politisk sekretariat
Åse Kitang	rådgjevar/juridisk Politisk sekretariat

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/20	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 8/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 11.03.2020	2020/41027	
	Referatsaker		
RS 13/20	Nor-Fishing 2020	2020/45718	
RS 14/20	Videreføring av tiltak for cruiseturisme i Vestland	2020/35723	
RS 15/20	Referat eigarmøte Invest in Bergen og Etablerersenteret 2.mars 2020	2020/236	
RS 16/20	FAKS, fylkeskommunenenes akvakultursamarbeid	2020/46211	
RS 17/20	Folkehelseprofilar 2020. Ny kartløyising og oppdatering av status for Vestland	2020/41394	
RS 18/20	Reiseliv i Vestland Politiske saker	2020/44637	
PS 20/20	Tildeling til kommunale næringsfond 2020	2020/43619	
PS 21/20	Søknad til Vestland Fylkeskommune om bidrag til Forstudien for det nye Akvariet i Bergen	2020/43959	
PS 22/20	Marin tiltaksplan 2020	2020/45553	
PS 23/20	Handlingsprogram for reiselivstiltak i Vestland fylkeskommune 2020	2020/45723	
PS 24/20	Robust kraftnett som tiltak for industriutvikling i Nordhordlandsregionen og Vestland fylke	2020/45455	
PS 25/20	Behov og potensial for ei styrka nasjonal karbonfangstsatsing i Vestland	2020/45431	
PS 26/20	Erasmus+ strategisk partnerskap YESpecialists - saksframlegg	2020/40405	
PS 27/20	Reiseliv i Vestland		

Godkjenningssaker

GK 7/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksprotokoll i 16.04.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Møteinnkalling vart godkjent utan merknadar.

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon vedtok samrøystes å setje RS 18/20 på saklista for møtet utan saksførelegg:

PS 27/20 Reiseliv og Vestland

Saklista vart godkjent med merknaden over

GK 8/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon 11.03.2020

Saksprotokoll i 16.04.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Møteprotokoll frå møtet i hovudutvalet 12.03.2020 vart godkjent utan merknadar

Referatsaker

RS 13/20 Nor-Fishing 2020

Saksprotokoll i 16.04.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

RS 13 /20 vart referert

RS 14/20 Videreføring av tiltak for cruiseturisme i Vestland

Saksprotokoll i 16.04.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

RS 14 /20 vart referert

RS 15/20 Referat eigarmøte Invest in Bergen og Etablerersenteret 2.mars 2020

Saksprotokoll i 16.04.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

RS 15 /20 vart referert

RS 16/20 FAKS, fylkeskommunenes akvakultursamarbeid

Saksprotokoll i 16.04.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

RS 16 /20 vart referert

RS 17/20 Folkehelseprofilar 2020. Ny kartløyning og oppdatering av status for Vestland

Saksprotokoll i 16.04.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

RS 17 /20 vart referert

RS 18/20 Reiseliv og Vestland

Saksprotokoll i 16.04.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

RS 18/20 vart handsama som «PS 27/20 Reiseliv og Vestland».

Skriftlege spørsmål

SI 3/20 Spørsmål frå Taylor MDG - RS 14/2020 Cruiseturisme

Administrasjon gav slikt svar:

«Samandrag

Vestland fylkeskommune sitt arbeid med cruise, retningssett i Cruisestrategien og med tilhøyrande handlingsplan har som mål å gjere den cruisetrafikken som uansett kjem til vår region meir berekraftig, både når det gjeld miljø/klima, lokal verdiskaping og sosial berekraft for dei fastbuande.

I 2020 har vi ein ekstrem situasjon på grunn av koronapandemien, som gir store umiddelbare utfordringar. Samtidig som at fylkeskommunen har sett i verk kortsiktige tiltak for destinasjonsselskapa, arbeider administrasjonen og næringa også vidare med dei lange linjene for å posisjonere reiselivsnæringa i Vestland fylke i tråd med berekraftprinsippet i Scenarioprojekt for Fjord Norge 2030. Ei vurdering er gjort for kva ordinære punkt i handlingsplanen som vil bli prioritert for 2020.

Dei tre fylka på Vestlandet har samla sett av kr 600 000 kr til arbeidet med handlingsplanen for cruise i 2020, og Vestland fylkeskommune vidarefører på den måten samarbeidet med Rogaland og Møre og Romsdal, i tråd med tidlegare vedtak i fylkesutvala. Arbeidet med ein ny nasjonal reiselivsstrategi, som for første gang omfattar cruise, startar i regi av Innovasjon Norge i april 2020. Denne vil være utgangspunktet for korleis vestlandsregionen på lengre sikt vil arbeide for å handtere utfordringane knytt til dei store gruppene som kjem til vår region.

1. Kva for tiltak er gjennomført og kva er planen for 2020

Arbeidet med å iverksette tiltak i handlingsplanen starta opp i januar 2019. Arbeidsgruppa for arbeidet har bestått av ein representant frå kvar av dei tidlegare fire fylkeskommunane, no tre, samt prosjektleiar Trond Amland. Arbeidsgruppa har hatt møter ca. ein gong i månaden for å følgje arbeidet opp.

Arbeidet med handlingsplanen handlar hovudsakleg om å gjere cruiseturismen meir berekraftig, både når det kjem til klima og miljø, men også økonomisk og sosialt. Mykje av arbeidet handlar om å halde oss sjølve og andre oppdatert på kva som skjer på dei ulike områda handlingsplanen omhandlar, samt etablere gode samarbeid på tvers av næringar, geografiske områder og aktørar. Med bakgrunn i dette blei det hausten 2019 arrangert ein nasjonal konferanse om cruiseturisme i Bergen. Om lag 170 deltakarar kom, både frå cruisenæringa og frå andre berørte næringar. I oppsummeringa og tilbakemeldingane frå konferansen var det positive tilbakemeldingar på konferansen sitt faglege innhald og at det endeleg blei arrangert ein nasjonal konferanse om temaet. Det blei også oppfordra til å arrangere denne konferansen årleg.

For innsatsområde miljø og klima handlar tiltaka blant anna om morgondagens løysingar for reinare cruisetrafikk, den nye hamne- og farevasslova og kva effekt denne vil ha for Verdsarvfjordane med meir. Dette blir jobba vidare med i 2020. Beredskapsplan er også eit fokusområde, og vil framleis vere det. Gitt dagens situasjon med korona-viruset har dette punktet fått ein ny dimensjon.

2. Beløpet som er sett av frå kvar fylkeskommune til vidare arbeid med planen, er relativt lite. 600 000 kr er sett av samla, delt mellom dei tre fylka. Midlane går hovudsakleg til ekstern prosjektleiar (samla kr 420 000 for dei tre fylka), som vi hadde på opsjon frå 2019. Denne opsjonen er løyst ut ved at Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal saman har valt å gå vidare med

arbeidet. Det er også sett av eit mindre beløp (kr 100 000 i tillegg til eigenfinansiering frå deltakarane) til å arrangere den nasjonale cruisekonferansen, som i 2019 tiltrakk seg 160 gjestar frå heile Noreg. Summen frå kvart fylke er så liten at det ikkje er til hinder for at Vestland held fram med det som er vårt hovudfokus for reiseliv: Å sikre mest mulig lokal verdiskaping på ein berekraftig måte.

Strategien for cruise, og tilhøyrande handlingsplan, er ikkje planar for korleis ein skal auke cruisetrafikken til Noreg og Vestlandet, men ein plan for korleis vi kan handtere den auken som kjem uavhengig av våre eigne aktivitetar og tiltak. Auken som er venta er skissert av UNWTO (United Nations World Tourism Organization) og TØI. Koronasituasjonen set ein stoppar for trafikken i 2020, men det er sannsynleg at denne trafikken vil være på plass igjen etter kvart som «normalen» er gjenoppretta, dvs når kundane kjenner seg trygge på at dei kan reise utan å bli utsett for smitte ombord, og utan å bli hindra i å komme i land i dei ulike hamnene. Cruiseanløp er bestilt lang tid i førevegen og anløp for 2021, 2022 og til dels 2023 er allereie bestilt av reiarlaga. Korleis denne trafikken vil utvikle seg, må tida vise.

Dei grønne krava som kjem til vil i første rekkje ha effekt for verdsarvfjordane Nærøyfjorden og Geiranger. Ein del nye skip med stadig meir miljøvenlege løysingar for drift er kontraherte, men det tar tid før mange nok av desse er i sirkulasjon til at det monnar i stor grad.

Prognosane var at talet på anløp til kvar hamn ville gå ned. Dette har så langt ikkje skjedd (med unntak av 2020). I tillegg er storleiken på skipa, og dermed talet på passasjerar auka. Dei nyare og største skipa har dei mest klimamiljøvenlege løysingane for drift. Men det høge talet på passasjerar som kjem til hamnene er ofte ei særleg utfordring for dei lokale som bur på dei mindre stadane. Mange av punkta i handlingsplanen rettar seg derfor mot den sosiale berekrafta på land og er retta mot tiltak som kan motverke dei negative effektane av eit anløp med 4000-6000 passasjerar frå eitt enkelt skip, og der det gjerne ligg to eller fleire tilsvarande skip i hamn.

Reiarlaga betaler avgifter til hamneeigarane for los, kaiplass og bunkring. Talet på gjestar i hamna kan også bidra til å oppretthalde tilbod for lokalbefolkningen som elles ikkje hadde overlevd - t.d. butikk, post og serveringsstader. Men det høge talet på gjestar fører også med seg ulemper for dei lokale. Dette kan være trengsel, urimeleg stor slitasje på lokal infrastruktur, og lav verdiskaping på land. Ein stadig aukande grad av verdiskapinga blir kontrollert av reiarlaga, som vi no ofte ser har med seg eigne guidar, eigne kajakkar, eigne sykklar og anna utstyr ombord i staden for å kjøpe desse tenestene av lokale tilbydarar i dei ulike hamnene. Det høge talet på cruisegjestar som kjem på ein gang kan også fortrenge andre landbaserte gjestar. Slik blir lokalt næringsliv hemma. Innovasjon Norge sin rapport Cruiseturismen i Norge 2019 viser at sjølv om både tal på anløp og tal på gjestar har gått opp, har cruiseturisten sitt forbruk på land gått ned samanlikna med 2014. Den same rapporten viser at 92% av cruisegjesten sitt forbruk knytt til reisa går til reiarlaget. Her søker handlingsplanen for cruise å finne løysingar som gjer ein betre balanse, slik at ulempene for lokale innbyggjarar og næringsliv går ned medan den positive effekten av turisme blir forsterka.

3. Både strategien og handlingsplanen for cruise er bestilt, finansiert og vedteke av Vestlandsrådet, og vedteke i fylkesutvala i både Hordaland og Sogn og Fjordane. Administrasjonen arbeider i tråd med dette. I handlingsprogrammet for Innovasjon og næringsutvikling framgår det ein budsjett der det sett av midlar til reiselivstiltak om m.a. omfattar arbeid med handlingsplanen for cruise.

4. Teksten på Vestlandfylke.no viser til at handlingsprogrammet for cruise enda ikkje er lasta opp, dette vil bli gjort så raskt som råd er.

Styringsgruppa som arbeider med handlingsplanen for cruise (reiselivsansvarlege i dei tre fylka) har i møte 11. mars gått gjennom handlingsplanen, og vurdert dei ulike tiltaka som er gjennomført (sjå punkt 1) og kva for tiltak som bør prioriterast i 2020. Arbeidet med å utarbeide sjølve strategien var omfattande, og det er ikkje planar om å utarbeide ein heilt ny strategi med det første. I 2020 startar Innovasjon Norge arbeidet med å utarbeide in ny nasjonal reiselivsstrategi, på oppdrag frå NFD. Innovasjon Norge har sitt første møte med fylkeskommunane i dette arbeidet 16. april. For første gang vil cruise være ein del av den nasjonale strategien. For fylka på Vestlandet vil det være naturleg å sjå til den nye nasjonale strategien når vi skal vurdere vårt eige arbeide på sikt, og ta utgangspunkt i denne når ein handlingsplan for vår region skal arbeidast fram. Det vil framleis være naturleg for dei tre vestlandfylka å arbeide samla om korleis ein skal handtere effekten av cruisetrafikken, sidan dei aller fleste cruiseskipa går til hamn i alle tre fylka.

Den nye nasjonale reiselivsstrategien vil også leggje grunnlaget for den felles reiselivsstrategien vi har for dei tre vestlandfylka, og som også går ut i 2020. På grunn av koronapandemien er det venta at arbeidet med nasjonal strategi blir forseinka i forhold til planen, men det er å vente at vi kan starte arbeidet med nye lokale handlingsplanar i 2021. Skulle det vise seg å være naudsynt med ein eigen, ny cruisestrategi for Vestlandet, må ein vurdere dette når den nasjonale strategien er klar.»

Politiske saker

PS 20/20 Tildeling til kommunale næringsfond 2020

Forslag til vedtak

1. Gulen kommune får eit stimuleringsstilskot på kr. 70 000 for felles førstelineteneste med Masfjorden.
2. Følgjande kommunar får tilskot til kommunalt næringsfond for 2020 (inkludert stimuleringsstilskot):

Kommune	Totalt tilskot 2020
Askvoll	540 667
Fjaler	526 521
Gloppen	733 106
Gulen	562 338
Hyllestad	426 748
Solund	391 143
Stryn	819 477
Totalt	4 000 000

3. Kommunane må ha levert politisk handsama årsrapport før midlane kan betalast ut.
4. Kommunane må rette seg etter notat om rolledeling i finansieringssaker, vedtekne kapitalgrenser og gjeldande regelverk. Fylkesdirektøren får fullmakt til å gje utfyllande presiseringar i tilskotsbrevva.
5. Midlane vert dekkja av 4 mill. kr. øyremerka til kommunale næringsfond, avsett til formålet for tidelgare kommunar i Sogn og Fjordane, i budsjett til Avdeling for innovasjon og næringsutvikling.
6. Kommunane kan bruke midlane til korona-dempande tiltak. Føresetnaden er at dei kan vise til kommunale politiske vedtak for denne typen bruk av næringsfondet. Elles må kommunane følgje retningslinjer for bruk og forvaltning av fondet og gjeldande regelverk.

Saksprotokoll i 16.04.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Gunhild Alis Berge Stang (V) sette på vegne av Sp/AP/SV/KrF/MDG/Venstre fram slikt forslag:

«Tillegg

Hovudutvalet ber administrasjonen kome attende med ei sak i vår der ein drøftar dei kommunale næringsfonda si rolle og framtid i Vestland

Avrøysting:

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Stang sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Gulen kommune får eit stimuleringsstilskot på kr. 70 000 for felles førstelineteneste med Masfjorden.
2. Følgjande kommunar får tilskot til kommunalt næringsfond for 2020 (inkludert stimuleringsstilskot):

Kommune	Totalt tilskot 2020
Askvoll	540 667
Fjaler	526 521
Gloppen	733 106
Gulen	562 338
Hyllestad	426 748
Solund	391 143
Stryn	819 477
Totalt	4 000 000

3. Kommunane må ha levert politisk handsama årsrapport før midlane kan betalast ut.
4. Kommunane må rette seg etter notat om rolledeling i finansieringssaker, vedtekne kapitalgrenser og gjeldande regelverk. Fylkesdirektøren får fullmakt til å gje utfyllande presiseringar i tilskotsbrev.
5. Midlane vert dekkja av 4 mill. kr. øyremerkta til kommunale næringsfond, avsett til formålet for tidelgare kommunar i Sogn og Fjordane, i budsjett til Avdeling for innovasjon og næringsutvikling.
6. Kommunane kan bruke midlane til korona-dempande tiltak. Føresetnaden er at dei kan vise til kommunale politiske vedtak for denne typen bruk av næringsfondet. Elles må kommunane følgje retningslinjer for bruk og forvaltning av fondet og gjeldande regelverk
7. Hovudutvalet ber administrasjonen kome attende med ei sak i vår der ein drøftar dei kommunale næringsfonda si rolle og framtid i Vestland

Vedtak

PS 21/20 Søknad til Vestland Fylkeskommune om bidrag til Forstudien for det nye Akvariet i Bergen

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommunen gir avslag på søknad om kr 5 mill i støtte til forstudiet for det nye Akvariet i Bergen. Grunngevinga er at det ikkje er rom innafør ramma avsett i budsjettet for 2020.

Saksprotokoll i 16.04.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Karl Vågstøl (H) sette fram slikt forslag:

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon ber Fylkesutvalet sjå på, og gjera omprioriteringar i budsjettet for 2020,

slik at Vestland fylkeskommune kan bidra med kr 5 mill. i støtte til forstudiet for det nye Akvariet i Bergen.

Sigrd Brattabø Handegard (Sp) sette (på vegne av Sp, Ap, KrF, V, Mdg, SV, og FrP) fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Vestland fylkeskommune løyver kr 2,5 mill i støtte til forstudiet for det nye Akvariet i Bergen.
2. Løyvinga skal innarbeidast i samband med handsaming av 1. Tertialrapport 2020

Terje Søviknes (FRP) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Vestland fylkeskommune vil vurdere løyving på ytterlegare kr 2,5 mill i budsjettet for 2021.»

Saksprotokoll i 16.04.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Avrøysting:

Vågstøl sitt forslag fekk 6 (H, FRP, FNB) røyster mot 9 røyster (MDG, Ap, KrF, Sp, SV og V) og fall

Brattabø Handegard sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Søviknes sitt forslag fekk 8 røyster (KRF, H, FRP, FNB, MDG) mot 7 røyster (Ap, KrF, Sp, SV og V) og vart vedteke

Innstilling

1. Vestland fylkeskommune løyver kr 2,5 mill i støtte til forstudiet for det nye Akvariet i Bergen.
2. Løyvinga skal innarbeidast i samband med handsaming av 1. Tertialrapport 2020
3. Vestland fylkeskommune vil vurdere løyving på ytterlegare kr 2,5 mill i budsjettet for 2021.

PS 22/20 Marin tiltaksplan 2020

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon vedtek Tiltaksplan 2020 - marin sektor.
2. Hovudutvalet ser det som særst viktig å bidra til utvikling av berekraftig akvakultur og å samarbeide med kommunane om arealbruk.
3. Hovedutvalet ber fylkesdirektøren, med utgangspunkt i utfordringane i havbruksnæringane med alle anlegg i «raud» og «gul» sone i Vestland, med påfølgande

produksjonsavgrensingane i havbruksnæringa, å kome tilbake med ei sak knytt til ei større satsing i marin sektor frå 2021.

Saksprotokoll i 16.04.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Gunhild Alis Berge Stang (V) sette(på vegne av Sp/AP/SV/KrF/Mdg/Venstre) fram slikt forslag:

«Tillegg

- hovudutvalet ber om at Austevoll og Fusa Vgs og Rubbestadneset vgs vert nemnde saman med Måløy vgs i planen
- hovudutvalet ber administrasjonen vurdere korleis Vestland fylke kan styrke sin kompetanse på fiskeri

Sigrid Brattabø Handegard (Sp)sette på vegne av Sp, Ap, KrF, SV, MDG, V slikt forslag:

«Nytt pk 2

Havbruk har eit stort potensiale for auka matproduksjon og matberedskap i ein stadig veksande befolkning. Dette perspektivet må tydeleggjerast i både planen og i det vidare arbeidet.»

Jana Midelfart Hoff (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

I det å gjøre oppdrettsnæringen mer bærekraftig, spiller for en viktig rolle. Dagens foring med importert soya byr på betydelige miljøutfordringer. Det er derfor viktig å tenke på nye måter å gjøre dette på, her ligger det også betydelige muligheter for norsk næringsliv i forhold til et globalt marked. Hovedutvalget ber administrasjonen om en redegjørelse på et senere møte om hvordan man arbeider med å se på alternative foringskilder og status for dette arbeidet per nå»

Mark Taylor (MDG) sette på vegne av MDG, Ap, KrF, Sp, SV, V.

«Tillegg:

”Mål for marin sektor” skal konkretisere og prioritere tiltak som bidreg til miljøvenleg drift og berekraftig vekst i den marine næringa.

Avrøysting:

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Handegard sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Taylor sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Stang sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Midelfart Hoff sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon vedtek Tiltaksplan 2020 - marin sektor.
2. Havbruk har eit stort potensiale for auka matproduksjon og matberedskap i ein stadig veksande befolkning. Dette perspektivet må tydeleggjerast både planen og i det vidare arbeidet
3. Hovedutvalet ber fylkesdirektøren, med utgangspunkt i utfordringane i havbruksnæringane med alle anlegg i «raud» og «gul» sone i Vestland, med påfølgande produksjonsavgrensingane i havbruksnæringa, å kome tilbake med ei sak knytt til ei større satsing i marin sektor frå 2021.

4. Mål for marin sektor" skal konkretisere og prioritere tiltak som bidreg til miljøvenleg drift og berekraftig vekst i den marine næringa.
5. Hovudutvalet ber om at Austevoll og Fusa Vgs og Rubbestadneset vgs vert nemnde saman med Måløy vgs i planen
6. •Hovudutvalet ber administrasjonen vurdere korleis Vestland fylke kan styrke sin kompetanse på fiskeri
7. I det å gjere oppdrettsnæringa meir berekraftig, spelar fór ei viktig rolle. Dagens foring med importert soya byr på betydelege miljøutfordringar. Det er derfor viktig å tenke på nye måtar å gjere dette på, her ligg det òg betydelege moglegheiter for norsk næringsliv i forhold til ein global marknad. Hovudutvalet ber administrasjonen om ei forklaring på eit seinare møte om korleis ein arbeider med å sjå på alternative foringskilder og status for dette arbeidet per no

PS 23/20 Handlingsprogram for reiselivstiltak i Vestland fylkeskommune 2020

Forslag til vedtak

1. Hovudutvalet for næring, naturressursar og innovasjon godkjenner handlingsplan reiseliv for 2020

Saksprotokoll i 16.04.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Noralv Distad (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Hovudutvalet ser det som nødvendig å gjennomføra særskilte marknadstiltak for å fremja Vestland som attraktivt reisemål for den norske marknaden. Tiltak bør gjennomførast så raskt som råd er og ha prioritet.»

Mark Taylor (MDG) sette på vegne av MDG, V, Sp, Ap, Krf, SV slikt forslag:

«Tillegg:

Under 4. Mål og hovudprioriteringar i 2020 s.3 andre avsnitt:

Det vil vere viktig å møte næringa sine behov i framtida for marknadsføringstiltak som konsekvens av veksande miljøkrav.

Avrøysting:

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Distad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Taylor sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutvalet for næring, naturressursar og innovasjon godkjenner handlingsplan reiseliv for 2020

Hovudutvalet ser det som nødvendig å gjennomføra særskilte marknadstiltak for å fremja Vestland som attraktivt reisemål for den norske marknaden. Tiltak bør gjennomførast så raskt som råd er og ha prioritet.

4. Mål og hovudprioriteringar i 2020 s.3 andre avsnitt:

Det vil vere viktig å møte næringa sine behov i framtida for marknadsføringstiltak som konsekvens av veksande miljøkrav

PS 24/20 Robust kraftnett som tiltak for industriutvikling i Nordhordlandsregionen og Vestland fylke

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune ber Statnett visa ei offensiv tilnærming til opprusting av kraftnettet frå indre deler av fylket til kystområda som sit med eit stort potensial for næringsutvikling.

Fylkeskommunen ber Statnett leggja til rette for at prosessen med å sikra trygg tilgang på fornybar kraft til kysten vert prioritert.

2 . Utbetring av kraftnettet, og spesielt god kopling mellom kyst og meir sentrale deler av Vestland med stor produksjon av fornybar energi, bør prioriterast i tida framover. Ikkje berre for å leggja til rette for ny industri på Mongstad, men òg for å sikra at nettet i Vestland fylke er robust i møte med elektrifisering i stor skala. Etablering og opprusting av infrastrukturen i kraftnettet er og vert eit tema framover, om det gjeld ny kraftproduksjon, ny kraftkrevjande industri eller elektrifisering av ferjer og anna transport. Vestland fylkeskommune må vera framoverlente her for at ikkje kraftnettet vert ein flaskehals for vidare utvikling i Vestland fylke.

3. I fyrste omgang må Statnett prioritera å sikra leveringsgraden av fornybar kraft inn til Mongstad for å styrke konkurransedyktigheita til båe noverande og framtidig kraftkrevjande industri der. Vestland fylket er Noregs klart største produsent av fornybar energi, og det er avgjerande at industriområda våre har tilgang på nok kraft og at transmisjonsnettet sikrar dette. Det vil òg gjera Vestland fylkeskommune attraktiv for nye aktørar, då dette viser at det ligg til rette for framtidsretta utvikling i regionen.

Saksprotokoll i 16.04.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Anne Gine Hestetun(Ap) stilte spørsmål om hun var inhabil fordi hun er styremedlem i BKK. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon vedtok samrøystes at Hestetun ikkje var inhabil.

Sigrid Brattabø Handegard (Sp) sette fram forslag om utsetting av saka

Avrøysting:

Handegard sitt forslag om utsetting fekk 2 røyster (Sp) og fall.

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Vestland fylkeskommune ber Statnett visa ei offensiv tilnærming til opprusting av kraftnettet frå indre deler av fylket til kystområda som sit med eit stort potensial for næringsutvikling. Fylkeskommunen ber Statnett leggja til rette for at prosessen med å sikra trygg tilgang på fornybar kraft til kysten vert prioritert.

2 . Utbetring av kraftnettet, og spesielt god kopling mellom kyst og meir sentrale deler av Vestland med stor produksjon av fornybar energi, bør prioriterast i tida framover. Ikkje berre for å leggja til rette for ny industri på Mongstad, men òg for å sikra at nettet i Vestland fylke er robust i møte med elektrifisering i stor skala. Etablering og opprusting av infrastrukturen i kraftnettet er og vert eit tema framover, om det gjeld ny kraftproduksjon, ny kraftkrevjande industri eller elektrifisering av ferjer og anna transport. Vestland fylkeskommune må vera framoverlente her for at ikkje kraftnettet vert ein flaskehals for vidare utvikling i Vestland fylke.

3. I fyrste omgang må Statnett prioritera å sikra leveringsgraden av fornybar kraft inn til Mongstad for å styrke konkurransedyktigheita til både noverande og framtidig kraftkrevjande industri der. Vestland fylket er Noregs klart største produsent av fornybar energi, og det er avgjerande at industriområda våre har tilgang på nok kraft og at transmisjonsnettet sikrar dette. Det vil òg gjera Vestland fylkeskommune attraktiv for nye aktørar, då dette viser at det ligg til rette for framtidsette utvikling i regionen.

PS 25/20 Behov og potensial for ei styrka nasjonal karbonfangstsatsing i Vestland

Forslag til innstilling

1 Realisering av karbonfangst og -lagring er avgjerande for å nå utsleppsmåla i Noreg og i Europa. Vestland fylkeskommune meiner at Noreg bør ta ei leiroll for utvikling av viktig teknologi og infrastruktur.

2 Å realisere system for transport, injisering og lagring av CO₂ er avgjerande for å få verdikjedar knytt til karbonfangst og -lagring til å verke i ein skala som monnar.

3 For å sikre framdrift og teknologisk forsprang, ber Vestland fylkeskommune regjeringa om snarleg løyving av midlar til Northern Lights.

Saksprotokoll i 16.04.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Jana Midelfart Hoff (H) sette fram slikt protokollmerknad:

«Endring:

Tekst under punktet: Vurdering og verknader

Folkehelse: Dersom CO₂ fangst kan bidra til å nå klimamålene, vil dette helt klart også ha positiv effekt på folkehelsen»

Avrøysting:

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1 Realisering av karbonfangst og -lagring er avgjerande for å nå utsleppsmåla i Noreg og i Europa. Vestland fylkeskommune meiner at Noreg bør ta ei leiroll for utvikling av viktig teknologi og infrastruktur.

2 Å realisere system for transport, injisering og lagring av CO₂ er avgjerande for å få verdikjedar knytt til karbonfangst og -lagring til å verke i ein skala som monnar.

3 For å sikre framdrift og teknologisk forsprang, ber Vestland fylkeskommune regjeringa om snarleg løyving av midlar til Northern Lights.

Protokollmerknad frå Hoff (H)

«Endring:

Tekst under punktet: Vurdering og verknader

Folkehelse: Dersom CO₂ fangst kan bidra til å nå klimamålene, vil dette helt klart også ha positiv effekt på folkehelsen»

PS 26/20 Erasmus+ strategisk partnerskap YESpecialists - saksframlegg

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet ser på entreprenørskap blant unge i rurale strøk som eit viktig satsingsområde og som det er trong for å utvikle ny kunnskap og nye arbeidsmetodar for gjennom internasjonalt samarbeid.
2. Fylkesutvalet er positiv til at fylkesrådmannen sender ein søknad om EU-midlar til Erasmus+ prosjektet YESpecialists, kor Vestland fylkeskommune er prosjektleiar.
3. Fylkesutvalet ber om å få endeleg prosjektsøknad framlagt som referatsak til neste møte.

Saksprotokoll i 16.04.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Avrøysting:

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet ser på entreprenørskap blant unge i rurale strøk som eit viktig satsingsområde og som det er trong for å utvikle ny kunnskap og nye arbeidsmetodar for gjennom internasjonalt samarbeid.
2. Fylkesutvalet er positiv til at fylkesrådmannen sender ein søknad om EU-midlar til Erasmus+ prosjektet YESpecialists, kor Vestland fylkeskommune er prosjektleiar.
3. Fylkesutvalet ber om å få endeleg prosjektsøknad framlagt som referatsak til neste møte.

PS 27/20 Reiseliv og Vestland

Saksprotokoll i 16.04.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon sette RS 18/20 «Reiseliv og Vestland» på sakskartet som politisk sak utan saksførelegg.

Tor André Ljosland (KrF) sette fram slikt forslag:

«Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon sendar saka til fylkesordførar for vidare oppfølging.»

Avrøysting

Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon sendar saka til fylkesordførar for vidare oppfølging.

